



Innkalling

Underutval for rehabilitering

Dato og tidspunkt:	04.05.2022 kl 12-14
Møtestad:	Helse i Hardanger i Hardangerbadet i Øystese
Møteleiar:	Hilde Ystanes
Til stade:	Kjellfrid Skutlaberg - FFO, Kari H. Bu – Eidfjord, Susanne Villanger Rolland - Vaksdal, Anne-Kristin Sørgård - Voss sjukehus, Helge Kvåle - SAFO, Hilde Ystanes - Kvam, Stine Øvsthus og Aina Samnøy - Ulvik
Fråfall utan vara:	Voss herad
Referent:	Aina Samnøy

Nr.	Saksliste	Sakstype <i>(Vedtak Drøfting Orientering)</i>	Vedlegg	Ansvar
07/22	Godkjenning av innkalling og saksliste Godkjent utan kommentar	V		
08/22	Godkjenning av referat frå møte i underutvalet 26.01.22 Godkjent utan kommentar	V	1	
09/22	Innlegg om Helse i Hardanger v/ dagleg leiar Sissel Aase og styreleiar Stener Kvinnsland	O		
10/22	Planlegging Lokalsjukehuskonferansen Det er ynskjeleg å gjennomføre konferansen på same tid som tidlegare år. <ul style="list-style-type: none">8.mars 2023 er foreslått med føregåande tema: Kreftoverlevare - Heile mennesket, heile veggen. Endeleg avgjersle vert gjort på neste møte.	D		
11/22	Orientering frå partane om pågåande, eller planlagde prosessar, samarbeidstiltak, eller anna	O		

	<p>Alle kommunane er med i «Gode pasientforløp» i regi av KS. Ikkje alle i underutvalet for rehabilitering er med i læringsnettverket.</p> <p>- Ulvik: Stine Øvsthus tek over som representant i underutvalet for rehabilitering. Ulvik skal revidere rehabiliteringsplanen. Det er tilsett ny fysioterapeut, som byrjar juni/juli 2022.</p> <p>FFO Voss: Skal leggast ned grunna manglande engasjement. Diabetesforbundet kjem til Voss og skal halde føredrag om Førarkort og diabetes 10.05.22. Diabetesforbundet har planlagt fleire arrangement framover.</p> <p>Eidfjord: Ikkje noko nytt å melde.</p> <p>Kvam: Hilde har sagt opp stillinga si og det vil kome ny representant i underutvalet når stillinga er besett. Det vil vere behov for ny leiar i underutvalet. Kven vil ta på seg rolla? Kvam har fokus på tverrfaglegheit i tenestene og skal rullere fysio/ergo planen.</p> <p>Vaksdal: Nytt omsorgsbygg med tropehage kjem på plass til neste år. Det har tidlegare vore fleire tryggleiksplasser i kommunen, som no er redusert til 1 plass. Tryggleiksplass er eit opphald i eigen leilegheit for pasientar som er for friske til å vere på korttidsopphald, men likevel ikkje trygg nok til å reise rett heim etter sjukehusopphald.</p> <p>Voss sjukehus: Det er lyst ut to stillingar som assisterande direktør. Ergo/fysio skal framover ligge under kirurgisk avdeling. Deler av sjukehuset skal rivast og det skal byggast nytt. Truleg vil rivingsarbeidet byrja neste år.</p> <p>SAFO: Helge fortel om fleire stader det er mogleg å søke om midlar for foreiningar, som kan nyttast til turar og sosiale samankomst (Stiftelsen DAM og Extrastiftelsen). Han har delteke på årsmøte på Gardemoen og opplyser om at det er lite rekruttering.</p>			
12/22	<p>Eventuelt</p> <p>Ingen saker</p>	0		